



Kommunal- og moderniseringsdepartementet
Postboks 8112 Dep
0032 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon
Hege Brekke Hellesøe, 5557 2352

Oppnemning av setjefylkesmann for handsaming av klagesak - Lindås - 191/5 - Nepstad - frådelling av bustadtomt - dispensasjon

Vi viser til brev frå Lindås kommune datert 15.07.2019. Saka gjeld vedtak om dispensasjon frå LNF-formålet for ovanfornemnde tiltak.

Plan og miljøutvalet gav i vedtak datert 15.05.2019, i sak 048/19, dispensasjon for frådelling.

Vedtaket vart klaga på av Fylkesmannen i Vestland i brev datert 23.05.2019.

I brev frå kommunen datert 15.07.2019 har kommunen vurdert at det ikkje har kome inn nye moment i klagen som tilseier ei anna vurdering i saka enn den som ligg til grunn for kommunen sitt vedtak datert 15.05.2019.

I brev datert 12.06.2019 er det gjort avgjerd om å gje utsett iverksetting av vedtaket.

Med tilvising til Miljøverndepartementet sitt rundskriv T-6/96 ber vi om at departementet oppnemner setjefylkesmann for handsaming av denne saka.

Fylkesmannen i Vestland sender saksdokumenta direkte til setjefylkesmannen etter oppnemning jf. [nye rutiner ved forsendelse av settefylkesmannsaker etter plan og bygningsloven](#)

Med helsing

Åse Vaag
fagdirektør

Hege Brekke Hellesøe
seniorrådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent



Kopi til:

Lindås kommune Kvernhusmyrane 20 5914 ISDALSTØ
Bjørn Henning H Nepstad Dalavegen 52 5637 Ølve